

OPPROP !

Kystregionen mellom Ålesund og Bergen representerer kanskje det mest offensive verdiskapingsområdet i landet. Området byr på verdsløiende verksemdar innan så vel maritim sektor som bergverk, reiseliv, fiskeri og marin verksemd. Det fører for langt i denne samanheng å gjere oversikta uttømande. Folket i denne regionen har evna å gjere gull av gråstein. Dette skuldast ikkje at det er spesielt godt tilrettelagt frå det offentlege. Profesjonelle økonomar og bedriftsrådgjevarar ville i utgangspunktet ha frårådd å etablere verksemdar i området.

Gründerånda som har evna å få til dette gjer seg framleis gjeldande. Det vert likevel stadig oftare presisert at viktige rammevilkår etter kvart er for svake. Mest fokus vert sett på kommunikasjon og tilgangen på personell. Sjølv om kreativiteten i bedriftene er stor, set ei stadig meir globalisert verd større og større krav til effektivitet og kompetanse. Det finst grenser for kor lenge verksemdene er i stand til å overleve når dei må kjempe med handicap i høve til konkurrentane.

Det viktigaste einskildtiltak vi treng for å utjamne denne konkurransevidninga er å få på plass eit godt overordna vegnett og først og fremst Kystvegen Bergen – Ålesund knytt opp mot hamnene i regionen. Skil denne delen av landet også i framtida vere netto verdiskapande, vil det vere eit absolutt krav at det innan overskueleg tid kjem på plass eit vegnett som er framtidretta. Kommunane langs Kystvegen er samde om traseen. I samband med utarbeiding av handlingsplanar for dei respektive fylka krev vi på vegne av våre respektive kommunar at Kystvegen vert prioritert med planleggings- og investeringsmidlar slik at vi i løpet av komande planperiode får etablert ein samanhengende og heilskapeleg kystveg frå Bergen til Ålesund med gul stripe og felles vegnr.


Fiskåbygd, 18.08.2009


for Ålesund kommune



for Sula kommune


for Hareid kommune



for Ulstein kommune


for Herøy kommune


for Sande kommune


for Vanylven kommune


for Selje kommune


for Vågsøy kommune


for Bremanger kommune


for Flora kommune


for Naustdal kommune


for Askvoll kommune


for Fjaler kommune


for Hyllestad kommune


for Solund kommune


for Gulen kommune


for Nordhordland Regionråd


for Bergen kommune